

Årsmelding for Bjerkreim sokn 2018



Denne årsmeldinga er utarbeidd av soknepresten og leggjast nå fram på sokneårsmøtet 3. mars 2019. Årsmeldinga skal dekke det lova omtalar som «en orientering om det kristelige arbeidet i soknet».

Frå kyrkjelova

§ 9 Menighetsrådets oppgaver

[..] Menighetsrådet forbereder og gir innstilling til avgjørelse i alle saker som legges fram for menighetsmøtet. [..] Menighetsrådet gir hvert år menighetsmøtet en orientering om det kristelige arbeidet i soknet. [..]

§ 10 Menighetsmøtet

Menighetsmøtet består av de stemmeberettigede i soknet. Bare de som møter fram personlig, kan stemme. Også biskopen, prosten og soknepresten kan ta del i møtet, men bare stemme om de ellers er stemmeberettiget i soknet. Menighetsmøtet kalles sammen av menighetsrådet så ofte det er påkrevd eller finnes ønskelig eller når minst 20 av soknets stemmeberettigede krever det. [..]

§ 11 Menighetsmøtets oppgaver

Menighetsmøtet avgjør saker om innføring av ny, godkjent salmebok og liturgi og andre saker som etter bestemmelse av Kongen eller departementet overlates til menighetsmøtets avgjørelse. Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse, skal menighetsmøtet gis anledning til å uttale seg om oppføring eller nedlegging av kirke, og om deling, sammenslåing eller andre endringer i grensene for sokn. For øvrig gir menighetsmøtet uttalelse når departementet eller annen kirkelig myndighet ber om det eller når menighetsmøtet av eget tiltak ønsker å uttale seg.

Råd og utval: Sokneråd

Soknerådet er soknets øvste demokratiske valte organ. Rådet har ansvar for kyrkja sitt arbeid i soknet. Arbeidet er todelt: det handlar om «fellesrådsdelen» dvs. det forvaltningsmessige (pengar, personale, materiell med meir) og «soknerådsdelen» dvs. aktivitetane i soknet («det kristelege arbeidet i soknet»). I denne årsmeldinga handlar det fyrst og fremst om dette siste. For soknerådsperioden 2016-2019 er medlemmane Gudbjørg Bjerkreim, Ingunn Ognedal, Jane Karin Sandstøl, Magnus Helland, Kari M. Hvidsten Gjedrem, Alf Helge Søyland, Kurt Hegelstad, Per Versland og soknepresten. I tillegg er ordførar Torbjørn Ognedal kommunen sin representant når soknerådet handsamar fellesrådsakar. Vara er Jorunn Kydland, Stine Marie Birkeland og Bjørnar Gjedrem. Kyrkjeverja er sekretær for soknerådet.

Soknerådet skal velje leiar og nestleiar kvart år. I 2018 har Gudbjørg Bjerkreim vore leiar og Ingunn Ognedal nestleiar. Dei held fram i 2019 også.

Soknerådet har vore samla 7 gangar i 2018.



Råd og utval: arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har forberedt sakslister. Arbeidsutvalet består av soknerådets leiar og nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje.

Råd og utval: undervisningsutvalet

Undervisningsutvalet har organisert, planlagt og gjennomført mykje av arbeidet knytte til trusopplæringa (utanom konfirmantarbeidet). Utvalet for perioden 2016-2019 består av menighetsarbeidar, Inger Johanne Gravdal (leiar), Jane Karin Sanstøl, Bente Albretsen, Oddrunn Veen og Kari M. Hvidsten Gjedrem. Undervisningsutvalet forhold seg til kyrkjelyden sin *trusopplæringsplan*.

”

Kyrkja har, saman med foreldra og fadrane, ansvar for opplæring i den kristne trua for alle døypte barn. Skulen hadde meir ansvar før. Kyrkjedepartementet legg opp til at kyrkja skal gje alle døpte tilbod om til saman 350 timar undervisning frå dei er 0 til dei er 18 år. Bjerkreim kyrkje har ein lokal plan for trusopplæring. Vår plan er godkjent av biskopen 9. 10. 2014 og har eit omfang på 215 timar. Me gjennomfører ulike tiltak for forskjellige aldersgrupper illustrert med bilde-kollasjen under. I 2018 har oppslutninga på tiltaka vore jamt over bra – men nokre svingningar ser ein alltid.

Av spesielle ting kan me nemna at babysang har flytta samlingane sine frå kyrkjekontoret på misjonshuset til Bjerkreim bedehus frå og med 2019. Det har vore mindre engasjement og oppslutning etter at Torunn leia dette og i frå i haust har det vore flest interesserte i frå Bjerkreim-delen av bygda. Interessen er økende etter at dei flytta til Bjerkreim.



brev om dåp



dåpsamtalar og dåp



fadderhelsingar



dåpsplakat



brev frå kyrkjelyden ved 1, 2 og 3årsdag for dåp



2årssamling og -bok



4årsbok og søndagsskulens dag



5års samling



6årsbok



dåpskule



Bible til 6. klasse



bibelvandringstreff



Traffikalt grunnkurs

Gåver

Me minnar om ordninga med å gje gåver til trusopplæringa. Dette er eit arbeid som me må samle inn pengar til. Det er nokre som gjer faste

gaver til trusopplæringa. Me har god plass til fleire faste gjevvara.

Råd og utval: konfirmantutvalet

Konfirmantutvalet har organisert, planlagt og gjennomført mykje av arbeidet knytta til konfirmantarbeidet. Utvalget for perioden 2016-2019 består av soknepresten, menighetsarbeider, Magnus Helland, Stine Marie Birkeland, Christer Slettebø, Sander Slettebø Grøsfjell (frå hausten 2017) og Torunn Bjerkreim Moi (frå mai 2018). Konfirmantutvalet forhold seg til kyrkjelyden sin *konfirmantplan*.

” *I kyrkja sin trusopplæring hører også konfirmantarbeiddet. Konfirmantåret er ein særskild mulighet til ungdommen om å lære kristen tru og praksis, om mogleg komme nærare ei mogen tru, og finne sin plass i det kristne felleskapet. Konfirmantplanen legg opp til 60 undervisningstimar fordelt ut over året. Undervisning og undring, deltaking og praksis, læring og mestering er store stikkord i dette.*

For å klare dette undring er konfirmantutvalet, konfirmantane sine føresette og andre frivillige ein uvurderleg ressurs. Det er ei vedvarande utfordring at det er vanskelig å få fatt i nok leiara. Me har fornya «foreldreoppgåveliste» for kullet 2018/2019 og nytt av året er også at me har inkludert 2 av foreldrene i konfirmantutvalet. Begge delar gir positive verknadar og me vil gjerne fortsette å utvikle desse delene.

Me har nå også sendt inn konfirmantplan (etter ny mal) til godkjenning til bispekontoret. For å overholde frist, er eg ikkje nødvendigvis nøgd med korleis den no ser ut, men me vonar at me kan fortsette å utvikle den slik at me både kan forbedre konfirmantopplegget og bli nøgd med konfirmantplanen vår.

KONFIRMAN*
2017

informasjonsmøte



gudstenester



kortweekend



presentasjons-
gudsteneste




gruppesamlingar:
Far, Son, Heilag Ande



lysmesse



gruppesamling:
bøn og bod



interessegruppe



gruppesamling:
Stod Jesus virkelig opp
frå dei døde?



langweekend



fasteaksjonen



undervisningslördag



pizzafest eller
ekstraundervisning
eller ikke no?



siste førebuingar



samtalegudsteneste
og fest



Konfirmasjon

Råd og utval: gudstenesteutvalet

Gudstenesteutvalet for perioden 2016-2019 består av soknepresten, organisten, Olav Engelsgjerd, Ingunn Ognedal, Alf Helge Søyland og Annbjørg Gravdal Larson. Utvalget har lagt fram *gudstenesteplan* (og «*gudstenestenøkkel*») for soknerådet og dei har arbeidd med *grunnordningane* i Bjerkreim.



I Bjerkreim har me som tre hovudgudstenester: høgmessa, familiegudstenesta og G3-gudstenesta. Av andre gudstenester kan me raskt nemne G2-gudstenestene, ungdomsgudstenestene, andakt/gudsteneste på omsorgsheimen, lysmesse, samtalegudstenesta, friluftsgudstenesta og skolegudstenester.

Frå og med hausten 2018 slo G2 seg saman med sundagsskulen på Vikeså misjonshus og det nye konseptet blei til «sundagssamling». Dermed er G2 gudstenestene historie og me vonar det vert velsigning over dei nye søndagsmøtene.

Dei tilsette i kyrkjene har sine oppgåver. For å ha gudstenester i kyrkjene slik me no har dei, utfordrar me mange frivillige med forskjellige oppgåver (inkludert medlemmane i soknerådet). Me kan kort nemna det å styre projektor, lyd og lys, ordne med kyrkjekaffi, vere kyrkjevert og/eller nattverdsvert. Elles har ulike teknikara, kor (mellom anna SångZ som Rita Edland «passar på»), musikarar, solistar og medliturgar og andre satt preg på gudstenestefeiringane.

Barnesamlingane er for tiden ikkje i drift. Dei som tidlegare leia dei, forberedte seg ofte utan at det var noen barn som kom. Nokre barn har nok med barnekroken i kyrkjene.

Dei leke gudstenesteleiarar har i hovudsak vore knyta til G2 gudstenestene. No forsvinn den delen ut. Leke gudstenesteleiarar for øvrig har dei siste åra vore knyta til anten sundagsskulens dag eller einskilde ungdomsgudstenester.

Eg vil rette ein takk til alle som bidreg til at me har hatt ein høg standard på gudstenestene vare i år også.



Råd og utval: diakoniutvalet

Diakoniutvalet for perioden 2016-2019 består av Kurt Hegelstad, Jorunn Kydland, Ola Birkeland, Eivor Bjerkreim og Rolf Moi. Anne Marie Kjølberg tiltrådte utvalget frå årskiftet 2017/2018. Utvalget forhold seg til soknets *diakoniplan*.



Utvalget har mellom anna gjennomført mykje av arbeidet med jubilarar og bøn for konfirmantar. Minnegudstenesta på allehelgensdag vært eit særskilt tiltak. Utvalet (ved Anne Marie Moi og Marit Kyllingstad Bråten) har også skriva dåpshelsingar for 1, 2 og 3 årsdag for dåpen.




Råd og utval: misjonsutvalet

Misjonsutvalet for perioden 2016-2019 består av Gudbjørg Bjerkreim, Annbjørg Gravdal Larson og Kurt Hegelstad. Utvalget arbeider etter *vedtak frå soknerådet og avtale med misjonsalliansen* med å fremja interesse for kyrkjelydens misjonsprosjekt og hjelpe til bringe informasjon om misjonsprosjektet til kyrkjelyden.



Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Misjonsalliansen for perioden 2017-2019 er «Liberia». Me har mellom anna sett film frå Liberia laga spesielt for oss i Bjerkreim. Prosjektet engasjerer og inspirerer.



Tilsette

På kyrkjekontoret er me 5 medarbeidarar. Det er sokneprest Leif Wikøren Nilsen, kyrkjeverje Arnfrid Espeland, menighetsarbeidar Ronny Myksvoll, sekretær Inger Johanne Gravdal og organist Eli Mari Hadland. Torunn Bjerkreim Moi slutta i jobben som menighetsarbeidar 3. april 2018 og Ronny Myksvoll blei tilsett i fast stilling frå 1. mars 2018.

”

Det er kun presten som har full stilling, men kontoret er ope så mykje som mogleg i normal kontortid alle vekedagane. Tysdag er «treffdag» for alle på kontoret. Då snakkar me mellom anna om dei komande arrangementa og samkøyrer mykje av det som elles skjer.

I kyrkjene har me også klokkarar og kyrkjetenarar: Magnar Edland, Einar Gåsland, Ola Birkeland, Oddrun Veen og Tor Vassbø. Til saman 10 personar (eller ca 3,53 årsverk) pr 31. desember 2018. Frå og med 1. januar 2019 blir kyrkjeverjestillinga auka 10% kvart år til me når ei full stilling.





Informasjon

Kyrkjekontoret forsøker å informere og reklamere for kyrkjelyden sitt arbeid og ulike tiltak på best mogleg måte:



- Side 6 i Bjerkreimsnytt
- Plakatar på butikkane om gudstenestene
- Nettsida bjerkreimkyrkja.no og bjerkreimkyrkja.no/infoskjerm
- Våre gudstenester er med i Eigersund menighet si informasjonsside i Dalane Tidende
- På **facebook** finn du sida «Bjerkreim sokn», ei gruppe for årets konfirmantar og foreldre og ei gruppe som heiter «Krølle & co»
- Ca kvart andre år skriv me og ein informasjonsbrosjyre som beskriv arbeidet vårt. Denne sendast alle husstandane i Bjerkreim.

Sjølvsagt skriv me og brev til dei ulike målgruppene våre. (Minnegudstenester, 50-års-konfirmantar, trusopplæringstiltak og mykje anna.) Og me har og ei SMS-teneste som gjer oss moglegheit til å gje korte beskjedar til ulike deltakara knyta til del ulike tiltaka me har.

Sokneprestens arbeid



I tillegg til dei «synlege» tenestene, leggjer soknepresten også ned mykje arbeid i «usynlege» tenester: sjelesorg, soknebod, dødsbod, kriseteam, besøk til mange gamle og sjuke på sjukeheimen og andre stadar, andaktar på sjukeheimen og andre stadar, samtaler knyta til tenesta for øvrig (dåps-, vigsel- og gravferds-samtalar), komitear og utval, øvingar og diverse teknisk tilrettelegging til gudstenester. Lista er ikkje fullstendig.



Konsertar

” Det har vore færre konsertar i 2018 sammenlikna med året før, men me vil halde fram «Ragnar Bjerkreim»-konserten og prosjektkoret i regi av kulturkontoret, vårkonsert og den tradisjonelle julekonserten.

Salmekveldar

” Det har vore ein salmekveld i 2018 – den 11. oktober.

Open kyrkje

” For fjerde året på rad har me hatt open kyrkje i sommarferien. 6 gonger hadde me ope i 2018. Det var ikkje mange som benytta seg av tilbodet, men dei som kom, sette stor pris på det. Vertane har også gjett uttrykk for at dette er eit flott tilbod som me må informera breiare om og gjera enno meir kjent.



Alfakurs

” Soknerådet har i samarbeid med bedehusa arrangert Alfakurs 2017-2018 og nytt Alfakurs 2018.



Til slutt..

De har no fått ein «orientering om det kristelege arbeidet i soknet» - og vel så det. Gi beskjed dersom det er noko du saknar, syns blei i meste laget eller som du elles vil kommentere.

Ein ordentleg stor takk til alle frivillige, dei som sit dei ulike råda og utvala, til dei som har stella blomsterkrukka på kyrkjetrappa. Bjerkreim sokn ville ikkje vore det same utan dykk! Må Gud velsigne oss alle.

for soknerådet
Leif Wikøren Nilsen
sokneprest
post@bjerkreimkyrkja.no
leif.nilsen@bjerkreim.kommune.no
bjerkreimkyrkja.no
facebook.com/bjerkreimkyrkja
facebook.com/groups/krolle.co



Bjerkreim sokn i (nokre) tal

Frå «livets gang og kyrkjemedlemsskap»

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Dåp	36	36	32	33	35	36	29	40	42	38
Vigslar	6	8	8	16	9	7	13	12	11	9
Gravferder	22	21	21	25	20	20	19	20	24	27
Konfirmantar	42	34	42	35	39	35	37	30	33	37
Innmeldingar	0	1		0	2	0	0	2	0	2
Utmeldingar	12	7	14	5	5	2	1	2	3	6

Frå SSB (<https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/bjerkreim/kirke>):

	2018	2017	2016	2015
Medlem og tilhørig i Dnk i prosent av antall innbyggere		83,3%	84,1%	85%
Døpte i prosent av antall fødte*		65%	93,1%	89,2%
Konfirmerte i prosent av 15-åringer		89,5%	87,5%	81,4%
Kirkelige gravferder i prosent av antall døde		100%	100%	113,6%
Medlemmer i tros- og livssynsamfunn utenfor Den norske kirke i prosent av antall innbyggere		6,8%	6,7%	5,8%

*Man døper ikkje nødvendigvis barnet det året det ble født

Frå «gudstenestene våre»

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Gudstenester på sun- og helgedagar	52	57	53	53	58	60	57	56	66	68
Andre gudstenester	14	11	15	11	12	9	11	12	10	8
Deltakarar	6927	7304	7538	7220	7864	7240	6735	9731	7032	7282
Snitt pr. gudsteneste	105	107	111	113	112	105	99	143	92	96

Frå «offer i kyrkja og gjevarteneste»

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Offer eige arbeid	75991	83702	70974	56152	85470	119359	118425	91610	93508
Offer andre føremål	233920	212133	234009	262404	212408	175241	160275	177725	157386
Gjevarteneste	82084	77349	84600	82100	81550	68900	52100	33200	57200
Totalt innsamla	391995	373184	389583	400656	379428	363500	330800	302535	308094

Frå «trusopplæringa»

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Babysang	62%	73%	44%	40 %	50 %	53 %			
2 årssamling / 2årsbok	64%	79%	72%	76 %	70 %	54 %			
4 årsbok	50%	44%	73%	71 %	90 %	84 %	82 %	94 %	90 %
5 årssamling	32%	42%	54%	34%	45%	45%	38%	29%	30%
6 årsbok	69%	58%	71%	71 %	92 %	85 %			
Dåpsskule	88%	78%	54%	80%	82% 1. og 2. kl Bjerkreim	50% 1. kl Vikeså	68% 1. kl Bjerkreim	56%	83%
Tårnagent	57%	58%	69%	71 %	67 %	57 %	51 %	43 %	
Lys våken	70%	-	64%	-	58 %	-	71 %	40 %	37 %
Kode B / Bibelvandringstreff	42%	61%	54%	-	46 %	62 %	71 %	86 %	
Konfirmasjon	102%	100%	98%	100%	98%	95%	95%	100%	100%
Trafikalt grunnkurs	63%	32%	37%	77 %	91 %	75 %	68 %	53	

* Offer eige arbeid/andre formål er frå 2014 styrt til fordel for misjonsprosjektet.

* Kode B er flyttet fra høst til vår, og er derfor ikke avholdt i 2015

* Lys Våken er kvart andre år.

* Kun 3 G2 gudstenester er notert med antal deltakara i 2016. Me har difor brukt desse tre og berekna snittal for fram møte på desse gudstenestene.

Frå «konfirmantarbeidet»

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Konfirmantar	43	34	42	35	39	35	37
Avholdte konfirmanttimar	60	60	63	64	64	64	64
..herav «andre kristne arr»	6	6	6	6	6	6	6
..herav «gudstenester»	10	10	9	10	10	10	10
Registrete timer innanfor normalen	1787	1694	2386	1912	2153	1867	2099
..pr konfirmant	41,6	49,8	56,8	54,6	55,2	53,3	56,7
..i snitt deltok konfirmantene	69,3%	83,0%	90,2%	85,4%	86,3%	83,3%	88,6%
Registrert «andre kriste arr»	345	523	468	387	403	342	313
..pr konfirmant	8,0	15,4	11,1	11,1	10,3	9,8	8,5
..i snitt deltok konfirmantene	133,7%	256,4%	185,7%	184,3%	172,2%	162,9%	141,0%
Registrert «gudstenester»	377	397	452	338	484	297	343
..pr konfirmant	8,8	11,7	10,8	9,7	12,4	8,5	9,3
..i snitt deltok konfirmantene	87,7%	116,8%	119,6%	96,6%	124,1%	94,9%	92,7%
Totalt registrete timer	1957	2148	2721	2118	2443	2044	2221
..pr konfirmant	45,5	63,2	64,8	60,5	62,6	58,4	60,0
..i snitt deltok konfirmantene	75,9%	105,3%	102,8%	94,6%	97,9%	91,3%	93,8%

Frå «fasteaksjonen»

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Bjerkreim	53 319 kr	57 664 kr	50 635 kr	50 615 kr	50 571 kr	45 283 kr	40 232 kr
..pr bøsse	1 240 kr	1 747 kr	1 446 kr	1 446 kr	1 296 kr	1 294 kr	1 059 kr
..pr innb	18, 86 kr	20, 41 kr	17, 41 kr	17,69 kr	17,93 kr	16,29 kr	14,68 kr
Egersund	46 789 kr	68 577 kr	62 941 kr	76 603 kr	84 327 kr	74 642 kr	67 026 kr
Eigerøy	16 948 kr	14 781 kr	22 181 kr	20 833 kr	13 510 kr	13 355 kr	13 423 kr
Helleland	13 480 kr	9 915 kr	10 114 kr	8 921 kr	13 950 kr	10 001 kr	15 169 kr
Heskestad	6 338 kr	8 185 kr	6 000 kr	6 987 kr	7 913 kr	7 163 kr	4 740 kr
Lund	31 620 kr	45 244 kr	27 700 kr	37 955 kr	38 511 kr	54 310 kr	72 366 kr
Sokndal	39 380 kr	49 715 kr	39 516 kr	17 859 kr	27 105 kr	12 026 kr	31 615 kr
Rogaland	3 415 823 kr	3 620 590 kr	3 721 318 kr	3 759 917 kr	3 993 959 kr	3 260 902 kr	
Heile Norge	31 248 675 kr		26 397 600 kr				